



Rogn på Neset

**Høgt heng dei og sure er dei, sa reven.  
Slik heiter det på folkemunne i Noreg om rognebæra.  
No rødmar ho att over store delar av verda, inkludert Uskedalen  
og spørsmålet bør stillast: Er ho kanskje misforstått  
og miskjent, den sure  
som heng så høgt?**

For å gjera unna dette med smaken først: Rognebæргеle smakar godt og bæra kan og brukast som smakssetting på sprit! Visste du at bæra er ein viktig ingrediens i Gammel Dansk?

Rognebæra har også hatt ein medisinsk rolle, både som urindrivende middel og mot nyrestein og skjorbuk.

Når det vert kaldt i veret blir dei bitraste smaksstoffane dempa og rognebæra bør difor høstast etter første frostnatta eller leggjast i fryseboks ei stund. Men så var det dette med kva reven skal ha sagt. Utsagnet er henta frå Æsop sine fablar der ein fabel rett og slett heiter The fox and the sour grapes. I omsetjinga opereres det med rognebær fordi druedyrking ikkje er vanleg på våre kantar.

Bæra er forresten berre eit av mange produkt frå rognen. Vi skal ikkje rekne opp alle her, berre illustrere spennvidda med funksjonen som tuntre til vern mot ondskap og at barken vart nytta til garving og veden til skipproduksjon.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen

